


stad å bu – ikkje berre for dei som kanskje vil flytta hit i framtida, men aller helst for dei som bur her i dag! Og då er område til fritid og rekreasjon viktige. Sjølv om prognosane viser ein stor vekst i tilflytting, kan ein kommune som vår med begrensa areal, planleggja for ei mindre tilflytting enn det prognosane tilseier og dermed skjerma viktige friareal som Midtmarka. Det skal også nemnast at dei aktuelle områda på Flatøy også vil kunna ha ein verdi som landbruksområde i framtida (sjå ovanfor!).

Etter vårt syn bør følgjande omsyn vera styrande for det vidare arbeidet med arealdelen i kommuneplanen: berekraft, moderat utbygging, varsam arealforvaltning, framtidig matforsyning.

Litlebergen 01.10.2014


Haakon Aase

Med helsing


Kristine Pluge